

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep

0032 Oslo

Vår dato: 08.02.2008
Vår ref: 2008/349 - 1584/2008 /
Dykkar ref:

Høring - forslag til endringer i opplæringsloven

Kommunestyret i Stord har på møte 07.02.2008 vedteke 20 mot 15 røyster å senda følgjande uttale.

Regjeringa sitt forslag til endringar i ny opplæringslov er ute til høyring i kommunane. Kunnskapsdepartementet har varsla endringar i KRL-faget i skulen på grunnlag av dom i FN sin menneskerettskomite i Geneve. Departementet vil endre faget til eit RLE-fag (Religion, livssyn og etikk) I det nye faget skal ikkje Kristendom lenger ha ein sentral plass slik som i KRL - faget i dag.

Sidan Stord kommune så langt ikkje har respondert på høyringsinvitasjonen frå departementet er mitt spørsmål om ordføraren vil ta initiativ til at det blir sendt ein uttale til forslaget om endringar av KRL- faget.

Stord KrF meiner at det ikkje er naudsynt med nye endringar i læreplanen for KRL-faget for å imøtekoma domen frå EMD. KRL-faget har til no vore eit prosjekt som nesten heile Stortinget har samarbeidd om. Faget er danna gjennom dialog for å få til eit felles fag som kan gje kunnskap, eit felles referansegrunnlag og respekt mellom ulike livssyn. Det er av stor verdi at skulen formidlar god kunnskap om kristendom, blant anna som bakgrunn for å forstå vår eigen historie og identitet. Majoriteten av befolkninga i Noreg er medlem av ei kristen kyrkje. I møte med andre livssyn er det viktig at ein sjølv har grunnleggjande kunnskap om den religion som har vore med å prega vårt eige samfunn i 1000 år. Dette skapar tryggleik og respekt for andre.

Stord KrF vil fremma forslag om følgjande uttale

1. Stord kommune ynskjer å oppretthalde lovteksten i opplæringslova § 2-4 slik den står i dag fordi Stord kommune meiner det allereie er gjennomført tilstrekkelege endringar til at kritikken mot KRL-faget som føreligg i domen frå EMD er imøtekommen, og til at dagens KRL-fag er i samsvar med menneskerettane. Stord kommune er og av den oppfatning at departementet sitt forslag svekkar elevane sin moglegheit til kjennskap til kristendommen sin plass i norsk tradisjon og kultur.
2. Stord kommune støttar vidare arbeid med å få til gode fritaksordningar som tilseier innføring av full fritaksordning for å imøtekoma domen frå Den europeiske menneskerettsdomstolen.

Med helsing

Marit Annie Åkra
møtesekretær